

**Notat for NIKU si arkeologiske gransking v/Halsnøy klosteranlegg,  
Kvinnherad kommune, Vestland fylke, kulturminne-id. 64166-4**

Vi viser til vedtak frå Vestland Fylkeskommune med saksreferanse 2020/62334, datert 27.11.2020, og Riksantikvaren sitt § 10-vedtak saksnummer 20/10308-8 datert 24.11.2020.

Sunnhordland Museum søkte om graving for grasarmering langs med nord- og vestfløya ved Halsnøy kloster. Klosteret er eit augustinarkloster frå mellomalder og skal i fylgje ei 1500-talskjelde vere grunnlagt av Erling Skakke i samband med kroninga av sonen Magnus i 1163. Klosteranlegget er freda jf. Lov om kulturminne av 9. juni 1978.

Etter forskrift om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova § 3 (2) og 4, har Vestland fylkeskommune gitt løyve til inngrep etter kulturminnelova § 8 fyrste ledd med vilkår om at gravearbeidet aust-vest på innsida av og parallelt med nordfløya utførast maskinelt under overvaking av arkeolog frå NIKU. Riksantikvaren har fastsett omfanget og kostnadene i eige vedtak, med heimel i kulturminnelova §10.

Det var gitt løyve for graving til 12 cm i 37 meter lengd og ein meter breidd. Gangvegen fyllast med grov dreneringsmasse, eit tynt lag med veggrus, armert grasarmering (grøn plast) som blir fylt med jord og deretter grasfrø.

Omfanget av det arkeologiske arbeidet var så lite at det blei utført forenkla dokumentasjon med beskriving, foto og manuell innmåling. Gravearbeidet blei utført 1.3.2021 innafor avtalt omfang 37 x 1 m i plan og inntil 12 cm i djupn. Det vart ikkje gjort arkeologiske funn, men nokre steinheller som låg rett under grastorva blei reinsa fram framfor døra i nordfløya. Det blei gravd til naturlig sandgrunn på ei ca. 4 m lang strekning sørøst for hellene.

Dei fjerna massane var omrota steinar, pukk, sand og jord iblanda noko moderne materiale slik som takpanner og diverse jernskrot. Det blei ikkje observert tilverka Stein i massane. Oppgravne massar vart brukta om på staden så langt mogleg.

Tiltaket ga ikkje konflikt med automatisk freda kulturminne.

**Foto**



IMG\_5320



IMG\_5322



IMG\_5323



IMG\_5324



IMG\_5325



IMG\_5327



IMG\_5331



IMG\_5335



IMG\_5337



IMG\_20210302\_134126\_1

## Fotoliste

Fotonummer	Navn	Beskriving	Fotograf	Dato	Motiv	Sett mot
IMG_5320	Tiltaksområdet før graving	Biletet viser terregn foran nord- og vestfløya før graving.	KLO	01.03. 2021	Oversikt	NV
IMG_5322	Grøft langs vestfløy	Biletet viser grøfta langs vestfløya grave til full djupleik 12 cm.	KLO	01.03. 2021	Oversikt	NØ
IMG_5323	Grøft langs vestfløy	Biletet viser grøfta langs vestfløya grave til full djupleik 12 cm (nordfløya i bakgrunnen).	KLO	01.03. 2021	Oversikt	NØ
IMG_5324	Nordaust-del av grøfta langs vestfløya	Biletet viser steinete grunn i nordaustenden av grøfta langs vestfløya (hjørne).	KLO	01.03. 2021	Nærbilete	NØ
IMG_5325	Nordvest-del av grøfta langs vestfløya	Biletet viser steinete grunn i nordvestenden av grøfta langs nordfløya (hjørne). Steinheller foran døråpning i nordfløy i forgrunnen.	KLO	01.03. 2021	Nærbilete	NV
IMG_5327	Steinheller foran nordfløya	Biletet viser steinheller foran døråpning i nordfløya.	KLO	01.03. 2021	Nærbilete	NØ
IMG_5331	Parti av grøft langs nordfløya	Bileter viser botnen i grøfta og steinheller i forkant i søraustre halvdel av grøft langs nordfløya.	KLO	01.03. 2021	Nærbilete	SØ
IMG_5335	Grøft langs nordfløya etter graving	Biletet viser ferdig oppgrave grøft langs nordfløya.	KLO	01.03. 2021		NV
IMG_5337	Parti av grøft langs nordfløya	Biletet viser søraustenden av grøfta langs nordfløya.	KLO	01.03. 2021		SØ
IMG_20210 302_134126 _1	Grøft langs nordfløya under tildekking	Biletet viser tildekking med grus og grasarmering.	KLO	01.03. 2021		NV

Venleg helsing

Katharina Lorvik

Seniorrådgjevar

Arkeologiske undersøkelser

Rory Dunlop

Kontorleiar Bergen

Arkeologiske undersøkelser

